



LEIAR

## Sjøvegen og sviket

**HAMNSUNDSAMBANDET SKAL BINDE** Ytre Haram saman med Ålesund. Sambandet er svært viktig for å gi vekst og utvikling i tida framover. Fastlands-Haram og ikkje minst Nordøyane kan blomstre som følge av eit slikt samband. Eigentleg burde rikspolitkarane komme på bana med ei finansieringsløyising, all tid Stortinget har tvinga saman til ein kommune med så lange reiseavstandar frå sentrum til periferien.

**I ALLE DISKUSJONAR** om sambandet har Store Kalvøy vore ein naturleg trasé for vegen. Haram kommune har vore innstilt på å få til ein veg for øya i samband med vegprosjektet. Men det er altså ikkje beint fram lenger. Når kommunestyret får saka til handsaming, venteleg 21. juni, er rådet å lage alternativ med tunnel frå Hamnsundet til Kverve. Og *i tillegg* utgreie lokalveg i dagen til Store Kalvøy. Ein slik lokalveg kan det bli enda vanskelegare

Fylkesmannen er ikkje Gud.

å finne pengar til enn sambandet.

**Å DROPPE STORE KALVØY** frå traseen til Hamnsundsambandet vil utan tvil vere eit tungt slag for fleire, kanskje alle, som bur på øya. Befolkninga er på elleve personar. Det blir tungt for dei å finansiere med bompengar.

Fylkesmannen meiner konsekvensane ved å bygge via øya er for store for friluftsliv og landskap. Fylkesmannen er ikkje Gud. Men han kan stikke kjeppar i hjula i årevis.

**DET ER SLIK EIN MÅ BYGGE VEGAR** i det moderne samfunnet, med kompromiss. Minste motstands veg. Elles kjem ein ingen veg. Hubrotunnelen på Fjørtofta står fram som det hovudristande ikonet på små saker som må overvinnast viss ein vil komme i mål.

Kommuneadministrasjonen i Haram har tatt innover seg dette. «Dersom ein vil oppretthalde tra- seen, vil dette medføre eit meir omfattande plan- arbeid med tilleggsutgreiingar, samtidig som det ser ut til at ein likevel ikkje vil kunne få gjennomslag for eit slikt samband. For å sikre framdrift med hovudformålet til prosjektet vil det vere formålsteneleg om sambandet til Store Kalv- øy kan gå ut.»

Men det blir neppe godt mottatt på Store Kalvøy.

**ROBIN RØKKE**

robin@nordrenett.no

**N**

**Nordre**

Haramsnytt AS  
Postboks 53 – 6282 BRATTVÅG  
Org. nr: 979 647 972  
Telefon: 70 20 84 80  
Mobiltelefon: 915 24 236  
Telefaks: 70 20 84 90  
**Trykk:** Polaris Trykk Ålesund AS

**E-post:**

redaksjon@nordre  
annonser@nordre  
www.nordrenett.n

**Kontor Brattvåg:**

Skjelt-Ole Bakken  
Måndag-fredag: 08